



Boligsenteret Bergen AS
Ervikveien 70 B
5106 ØVRE ERVIK

Referanser:

Dykkar: Tom Lingjerde
Vår: 14/3040 - 14/15655

Saksbehandlar:

Anne-Lise Næs Olsen
Anne-LiseNaes.Olsen@meland.kommune.no

Dato:

15.10.2014

Oppsummering etter møte og tilbakemelding - handtering av fellesareala i Holsbergstien

Det vart i 13.10.2014 halde møte på vårt kontor for å avklare spørsmål kring fellesareala i Holbergstien.

Desse møte:

Tom Lingjerde - Boligsenteret Bergen AS
Øystein Olsen - Boligsenteret Bergen AS
Jens Dahl - Teknisk drift i kommunen
Anne-Lise Olsen - Plankonsulent i kommunen

Oppsummering:

Historikk:

Ny utbyggjar har teke over utbygginga i området etter at tidlegare firma gjekk konkurs. Ny utbyggjar vil i utgangspunktet få oppretta ei velforeining i Holsbergstien for at denne kan drifte fellesareala i området. Dette har tidlagare vist seg å vere vanskeleg då mange av heimelshavarane i området ikkje ynskjer å vere med å betale for å opparbeide eller for å drifte fellesareala. Det har heller ikkje tidlegare vore gjort avtale om «rettar og plikter» for utbyggingsområdet. Når ny utbyggjar no skal byggje ut meir innanfor feltet, så er dei i gang med å opprette ei velforeining for dei nye som skal etablere seg, via avtale om «rettar og plikter» innanfor utbyggingområdet. Det er i denne anlednig no ynskjeleg at tidlegare heimelshavarar i området vert med i velforeininga.

Utbyggjar hadde ulike spørsmål til kommunen ang. saka:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

1. Utbyggjar hadde spørsmål til eigedomsskatt for fellesområda. Utbyggjar meiner at ei velforeining i utgangspunktet bør eige fellesareala og lurar på om ev. velforeining lyt betale eigedomsskatt dersom dei overtek desse areala. Svaret på dette er ja. Private eigarar av eit felleområde lyt betale eigedomsskatt.
2. Utbyggjar er usikker på om alle grunneigarane i feltet er villige til å vere med i ei eventuell velforeining, samt å betale for, opparbeide og vedlikehalde områda. Utbyggjar lurar såleis på korleis kommunen stiller seg til å sitje som eigarar medan ei velforeining vedlikeheld og driftar fellesareala.
Administrasjonen har drøfta spørsmålet og er i stor grad positiv til dette.
Administrasjonen er positiv til at kommunen kan eige og overta drift av vegen så langt som denne er ferdig bygd, men bortsett frå stikkvegane.
Likeeins er administrasjonen positiv til at kommunen kan sitje som eigar av mesteparten av fellesarealet, men nærleikeplassane vil kommunen i utgangspunktet ikkje sitje som eigar for. I akkurat dette særtilfellet, så kan kommunen på grunn av omstende, likevel vere villig til å stå som eigar for nærleikeplass ved B7. Administrasjonen understrekar at vedlikehald og drifting av fellesareala lyt ei velforeining/burettslag ta seg av.
3. Utbyggjar lurar på om kommunen kan medverke til å få inn uteståande summar, og administrasjonen arbeider med saka og vil prøve å medverke til dette.
4. Utbyggjar spør også kor mange det er snakk om som ikkje har betalt for fellesareala. Administrasjonen har undersøkt, og det er 9 heimelshavarar som ikkje har betalt.
5. Utbyggjar ynskjer å få naboliste for dei involverte grunneigarane/heimelshavarane, og administrasjonen orienterte om at dei kan bestille dette på Infoland.
6. Utbyggjar spør om å få låne ein skule til eit eventuelt møte med oppsitjarane, og administrasjonen gav tilbakemelding om at Jens Dahl kan kontaktast i forkant av slikt møte, og at han kan hjelpe til med å finne lokale.

Med helsing

Anne-Lise Næs Olsen
plankonsulent

Kopi til:

Anny Bastesen
Jens Erik Dahl

Mottakere:

Boligsenteret Bergen AS

Ervikveien 70 B 5106

ØVRE ERVIK